



Solhaugen barnehage,
Storbruhaugen 14,
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1203 - 14/13078

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
28.05.2014

Rapport frå tilsyn i Solhaugen barnehage 28.04.2014.

Lindås kommune har gjennomført tilsyn i Solhaugen barnehage i samsvar med § 16 i Lov om barnehagar. Tilsynet er utført i samsvar med interkommunal «Plan for tilsyn i barnehagar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy». Planen er vedteken i Lindås kommunestyre.

Tilsynsorganet var samansett av:

- Astrid Namtvedt Sylta, rådgjevar barnehage, Lindås kommune.
- Rita V. Amundsen, styrar, Radøy kommune.

Tema for tilsynet var Lov om barnehage § 3 «Barns rett til medverknad».

Tilsynet har lagt følgjande dokument til grunn:

- Lov om barnehagar.
- Rammeplan for barnehagar.
- Styrar si utfyllte sjekkliste.
- Barnehagen sin årsplan.

Tilsynet vart gjennomført som intervju og samtalar om praksis knytt til barns rett til medverknad. Tilsynsorganet har gjennomført intervju / samtalar med:

- Assistent Cecilie Sæbø.
- Pedagogisk leiar Hege M. Veland.
- Styrar Frode Ness-Johnsen.



Konklusjon:

Der er tilsynsorganet sitt syn at årsplanen i Solhaugen barnehage er i samsvar med intensjonane i Lov om barnehagar og Rammeplan når det gjeld barnehagen sitt innhald og oppgåver. Vi ser at fokus på barns rett til medverknad pregar det daglege arbeidet på dei ulike avdelingingane.

Prinsippa for barns rett til medverknad er godt ivaretekne i Solhaugen barnehage.

I samband med tilsynet vart vedtektene til barnehagen kontrollert jfr. § 7 i Lov om barnehage. Som avtalt skal Solhaugen barnehage gjere nokre endringar og innan september 2014 sende nye oppdaterte vedtekter til kommunen.

Med helsing

Rita V. Amundsen
styrar

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrarar:

Solhaugen barnehage,

Storbruhaugen 14, 5955

LINDÅS